# Kursreglement

Overordna målsetting for all kursverksemd i Utdanningsforbundet Innlandet er å auke kunnskaps- og kompetansenivået i alle ledd i organisasjonen. Opplæring og spreiing av kunnskap skjer gjennom dei tillitsvalde. Sånn vert Utdanningsforbundet si rolle som fag- og profesjonsorganisasjon styrka.

Å vera tillitsvald i Utdanningsforbundet gir både rettar og plikter. Hovudavtalen og Utdanningsforbundet sine retningsliner gir tillitsvalde rett til opplæring. Ein stor del av Utdanningsforbundets ressursar går til skolering av tillitsvalde.

Tillitsvalde plikter å stille på kurs/møter Utdanningsforbundet Innlandet kallar inn til, og som den tillitsvalde har søkt om permisjon for å delta på. Dersom den tillitsvalde ikkje kan delta, bør ein sende vara.

## Innkalling og påmelding:

- Kursdokumenta (innkalling, permisjonssøknad og førebels program) vert lagt ut på nettsida på det enkelte kurset.
- Innkalling vert sendt via KursAdministrasjonsVerktøyet (KAV) og den tillitsvalde loggar seg inn på mi side for å godta/avslå innkallinga innanfor fristen. Ver nøye med å halde påmeldingsfristen!
- Fylkeskontoret sender liste over deltakarane til lokallaga etter at fristen er ute.
- Eventuell kursevaluering vert sendt deltakarane på e-post.
- Dei med lang reiseveg, kan melde seg på med overnatting frå kvelden før. Lang reiseveg vert definert som å måtte reise heimanfrå før klokka 07.00 for å vere på kursstaden klokka 09.30

## Under kurset:

- Møt i rett tid til dei ulike øktene i kurset!
- Ver aktiv! Då vert utbyttet av kurset betre for alle.
- Må du forlate kurset, skal dette meldast til kursleiinga.

## Ikkje møtt og forfall:

- Forfall meldast så tidleg som mogleg via KAV, eller på e-post: innlandet@utdanningsforbundet.no
- Forfall som ikkje vert meldt seinast 3 dagar før kursstart, vert til vanleg belasta lokallaget. Denne regelen gjeld ikkje ved sjukdom og møter med heimel i Hovudavtalen som arbeidsgjevar kallar inn til.

## Godtgjersle:

- Til vanleg skal ein nytte offentleg kommunikasjon. Skal ein nytte privatbil må det avtalast med fylkeskontoret på førehand.
- Velgjer du å køyre privatbil utanom køyreordning, vil du berre få godtgjersle tilsvarande offentleg kommunikasjon.
- Lokallaget organiserer samkøyring.
- Kvittering for pass av born leverast på kurset eller sendast fylkeskontoret (som brevpost) innan ei veke.
- Dei som har tilgang til Agresso Web, skriv ikkje reiserekning på papir.
- Dei som køyrer bil får godtgjersle for bompassering som om dei har bombrikke/autopass.
- Ufullstendig utfylte skjema vert sendt attende og utbetalinga vert forsinka.
- Godtgjersle vert utbetalt etter Statens satsar.

**Kursreglementet gjeld frå 1.august 2023.**

**Utdanningsforbundet Innlandet vonar du vil ha stor glede og godt utbytte av våre kurs og skoleringstiltak.**

## Vel møtt til Innlandskurs!

**Vedtatt i AU 8.9.23**